



Advokatfirmaet Harris Da
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3222 - 18/37490

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

19.12.2018

Oppheving av stoppordre etter pbl. § 32-4 i form av gravearbeid på tilkomstveg - gbnr 99/1 Våge

Tiltak: ulovlege gravearbeid på tilkomstveg lokalisert på gbnr 99/1 Våge
Byggjestad: Gbnr: 99/1 Lindåsvegen 2088
Tiltakshavar: Alf Eikevik
Representert av: Advokatfirmaet Harris Da
Heimelshavar: Elin Fanebust – gbnr 99/1

Det vert vist til pålegg om stoppordre etter pbl. § 32-4 i form av gravearbeid på tilkomstveg i skriv, datert 22.10.2018, der vi fatta følgjande vedtak:

VURDERING

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. § 20-1 bokstav bokstav l), jf. bokstav a), jf.20-2 bokstav a om søknadsplikt. Gravearbeidet må sjåast i samanheng med den pågåande klagesaken på rammeløyvet, der tilkomstvegen er ein del av denne klagesaken. Vi gjer merksam på at det ikkje ligg føre løyve til igangsetting av nokon av dei omsøkte tiltaka som er handsama i rammeløyvet.

Kommunen vurderer at det er naudsynt å gje stoppordre med omgåande verknad av omsyn til det manglande løyve til arbeidet etter plan – og bygningslova sitt regelverk. Vi viser også til at saka ikkje er avklart i forhold til kulturminnelova, jf. vedlagte dokument.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve pålegg om omgåande stopp i arbeidet. Arbeidsstaden må sikrast forsvarleg.

KLAGE

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Det er mottatt rettidig klage frå tiltakshavars representant, datert 12.11.2018, for gravearbeid på tilkomstveg. Andre tiltak som er redegjort for i klagen, er ikkje ein del av noverande vurdering. Kun stoppordren i form av gravearbeid på tilkomstveg vert handsama i dette brevet.

I klagen er det gjort rede for at eksisterande tilkomstveg var tilgrodd med torv. Denne er no fjerna. Ved ustikking av trase for tilkomstveg er det avdekka kor tidlegare pukk/grusdekke var plassert. Vegen skal grusast på nytt. Arbeidet er opplyst å vere vedlikehald av eksisterande tilkomstveg.

Det er mottatt merknadar frå heimelshavar av gbnr 99/1 i skriv datert 25.10.2018, 07.11.2018 og 25.11.2018. I følgje heimelshavar er det fjerna 100m² (5m*20m) matjord i nærleiken av tilkomstvegen.

VURDERING

Oppfølging av saker med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32 krev at tiltaket som vert følgd opp er eit brot på plan- og bygningslova. I denne saka vart det ved utsending av stoppordre vurdert på bakgrunn av dei opplysningane som var motteke i saka, og vurdert opp mot sak om oppføring av bustad på gbnr 99/4 med tilkomstveg over gbnr 99/1.

Med dei nye opplysningane i saka, har kommunen vurdert at gravearbeid på tilkomstveg ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på at den private tilkomstvegen på 2 meter breidde er lovleg etablert bruk, jf. tinglyst avtale/avtale om vegrett på 2 meter breidde for gbnr 99/4 over gbnr. 99/1 av 10.08.1968. Vedlikehald i form av gravearbeid på tilkomstvegen slik det er gjort greie for er ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Tiltaket er difor ikkje eit ulovleg tilhøve etter plan- og bygningslova. Vilkåra etter pbl. §32-4 er ikkje lengre tilstades.

Ein eventuell utvida bruk av tilkomstvegen er eit privatrettslig tilhøve. Bortaking av jord er eit privatrettslig tilhøve, sjå e-post frå kommunen datert 03.12.2018.

VEDTAK:

Klagen på stoppordre for gravearbeid på tilkomstveg vert tatt til følgje og pålegg om stoppordre etter pbl. § 32-4 vert oppheva med heimel i forvaltningslova § 33 2.ledd.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3222

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Stoppordre etter pbl. § 32-4 i form av gravearbeid på tilkomstveg - gbnr 99/4 Våge

Fotodokumentasjon på arbeid utført på tilkomstveg til gbnr 99/4 - gbnr 99/4 Våge

Bilete

Bilete

Bilete

Førespurnad om stoppordre i høve gravearbeider frå Fylkeskonservatoren - gbnr 99/4 Våge

IMG_20181018_150508

IMG_20181018_150611

Kulturminnefagleg fråsegn - Våge

Kopi til:

Advokatfirmaet Harris Da	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Elin Tordis Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	LINDÅS
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

Advokatfirmaet Harris Da	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Elin Tordis Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	LINDÅS
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN